

Styremøte 2022/11 i Norsk folkemusikklag

Møte på Teams mandag 3. oktober kl. 19.00—21.45

Tilstades: Bjørn, Sveinung, Tom Willy, Andrea og Angun.

Sak 55/22 Korte meldinger

- Seminaret på Fagernes 2023 er flytta frå mai til oktober/november slik at det er meir tid for å søke midlar. Prosessen med søknadar kan forbeholdt slik at alle involverte partar kan få kome med innspel og rettingar.

Sveinung har kommentarar til søknaden som er skrive. Han sender desse vidare.

Neste frist for søknad til Kulturrådet er 01.12.

- Representant fra Rff i redaksjonen.
Siri Mæland har ikkje hatt moglegheit til å delta i redaksjonen slik som ønska. Per no treng ein ikkje finne ein annan representant frå SFF. Me ventar og ser om Siri Mæland kan ta opp att arbeidet på nyåret, eller om det trengst ein annan representant.

Sak 56/22 Musikk og tradisjon

Styret diskuterte innspurten for arbeidet med Musikk og tradisjon.

Sak 57/22 Seminaret 2022 (Tom Willy)

- Gjennomgang av status
Budsjett/ oversikt. Det er ikkje kome inn så mykje støtte som ein har budsjettet med; 5000,- i staden for 30 000,-. Dette gjer at budsjettet ikkje er så romsleg som ein ynskjer.

Avtalen med UFF lovar å dekke reise/overnatting til medlemmer av NFL.
Representanten må likevel sende søknad om dette med oppsett av reise og kostnad.
Tom Willy tar kontakt med Isa og Albin og klargjer dette.

Mat utanom kurset må foredragshaldarar betale sjølv.

Sak 58/22 Lagets arkiv (Sveinung)

Sveinung skal høyre med Ringve om arkivet kan stå der til seminaret. Fredag føremiddag, i forkant av seminaret må me ha eit styremøte for å finne ut kva som bør takast vare på og korleis.

Sak 60/22 Neste redaksjonsmøte og styremøte (Bjørn)

Neste styremøte, med redaksjonsmøte, er mandag 10.10 klokka 09.30-11.00. Sveinung sender invitasjon til teams-møtet. Fleire saker som var på saklista for dagens styremøte blir flytta til dette møtet.

Sak 61/22 Eventuelt

Andrea lurar på om me er invitert til møtet Riksscenerådet som er lagt til dagen før Folkelarm. Ho kan delta på veggen av styret. Einstemmig vedtatt at Norsk folkemusikklag betalar for reisa.